



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2729 - 21/87543

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
22.12.2021

Oversender vedtak om dispensasjon for etablering av kai og flytebyggje samt vedtak om løyve til naust til klagevurdering - gbnr 58/129 Lygren indre

Saksopplysningar

Eigedom: Tiltak er lokalisert på gbnr 58/2
Adresse: Buskeneset 33, 5912 Seim
Tiltakshavar: Morten Andre Mjanger
Eigar – gbnr 58/129: Morten Andre Mjanger – fritidsbustad i nærleiken av naust på gbnr 58/2
Eigar – gbnr 58/2: Lars Bjørn Lygre
Klagar: Grahl-Madsen & co advokatforma AS representerer tiltakshavar

Saka gjeld

Saka gjeld klage på delegert vedtak i sak 21/2729 med saknr. 21/61089, datert 01.10.2021, om avslag på dispensasjon frå arealføremålet bruk og vern av sjø samt byggegrense mot sjø for etablering av kai og flytebyggje. Kai og flytebyggje er plassert på gbnr 58/2. Kai er opplyst å vere 2x4m og flytebyggje er 2,5x5m.

I delegert vedtak i sak 21/2729 med saknr. 21/61089, datert 01.10.2021, er det også handsama søknad om oppføring av naust. Det er gjeve løyve til oppføring av naust i vedtaket utan krav til dispensasjon. Løyvet til naust er ikkje påklaga av tiltakshavar. Vedtaket om løyve til naust er ikkje oversendt til Statsforvaltaren til klagevurdering og Statsforvaltaren er ikkje gjeve moglegheit til å påklaga vedtaket. Med pågåande klage om kai og flytebyggje, så vert vedtaket om dispensasjon for etablering av kai og flytebyggje samt vedtak om løyve til naust oversendt Statsforvaltaran til klagevurdering.

Klagen på delegert vedtak i sak 21/2729 med saknr. 21/61089, datert 01.10.2021, om avslag på dispensasjon frå arealføremålet bruk og vern av sjø samt byggegrense mot sjø for etablering av kai og flytebyggje vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 08.12.21, der Alver kommune sitt vedtak datert 01.10.2021 ikkje vart oppretthaldt og klagen vart tatt til følgje. Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

«APM- 178/21 Vedtak:

Klagen vert teke til følge og delegert vedtak i sak 21/2729 vert gjort om. APM finn at vilkåra for dispensasjonen etter pbl 19-2 andre ledd første og andre punktum er oppfylt og gjev dispensasjon jf pbl § 19-1 første ledd første punktum. for omsøkte tiltak.

Det gis dispensasjon i frå:

- Plan- og bygningsloven § 1-8 for byggegrense mot sjø.
- Arealformål nausteføremål på land I reguleringsplan.
- Arealføremål bruk og vern av sjø I kommunedelplan.

Grunngjeving

APM kan ikkje sjå at oppføring av tiltaket som omsøkt skal vera i strid med reguleringsplanen sitt formål.

Statsforvaltaren har tidligare vurdert at kai og opptrekk ikkje er i strid med reguleringsplanen for Buskeneset.

Sjøarealet inngår i reguleringsplanen. Kai og brygge kan naturleg forenes med naustet og reguleringsplanens føremål.

Ein planprosess i område vil ikkje gi ytterlegare avklaringar en det som er opplyst i byggesak. Motstrid mellom reguleringsplankart og KPA 2019-2031, vert løyst ved at byggegrense følger føremålgrensen i reguleringsplanen

Etter ei samla vurdering meiner APM - utvalet at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene, og hensyna bak bestemmelsane som det dispensert i frå ikkje blir vesentlig tilsidesatt."

Delegert vedtak i sak 21/2729 med saknr. 21/61089, datert 01.10.2021, om løyve til naust og avslag på dispensasjon for kai og flytebyggje har følgjande ordlyd:

«VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a, jf. §§, 20-2 og 20-4, vert det gjeve løyve til etablering av naust på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 10.02.2021, jf. pbl. § 29-4.

Men heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve avslag på dispensasjon for kai og flytebyggje.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for etablering av kai og flytebryggje - gbnr 58/129 Lygren indre
2021-04-19 Dispensasjon fra byggegrense
Forhåndsuttale vedr - Søknad om utlegging av flytebrygge med tilhørende landgang, bygging av kai samt etablering av båtslipp - gbnr 58/129 Lygren indre
Søknad naust side 1
Søknad naust side 2
Opplysningar gitt i Nabovarsel
Kvittering nabovarsel
Tillatelse fra grunneier
Tillatelse naboeiendom
Situasjonskart
Tegning Naust
reguleringsplan
E-post
Vedlegg til søknad - gbnr 58/129 Lygren indre
2021-03-20 Vedl 6 Tillatelse fra grunneier
2021-03-20 Vedl 5 Tillatelse naboeiendom
2021-04-21 Slipp kai og flytebrygge
Søknad om dispensasjon - gbnr 58/129 Lygren indre - uttale kultur
Uttale - Alver - gbnr 58/129 Lygren Indre - naust - dispensasjon
Klage på vedtak - gbnr 58/129 Lygren Indre
Løyve til oppføring av naust - gbnr 58/129 Lygre indre
Opplysninger som gjeld saksgang
Kommentarer til Statsforvalterens uttale i sak - gbnr 58/129 Lygren indre
Bilder
Kopi av brev frå Fylkesmannen datert 01.02.2001
Kopi av eldre dokument i saka

Kopi til:

Grahl-Madsen & Co Advokatfirma AS	Kong Oscars gate 25	5017	BERGEN
Grahl-Madsen & Co Advokatfirma AS	Kong Oscars gate 25	5017	BERGEN
Morten Andre Mjanger	Kjenndalstoppen 1	5225	NESTTUN
Morten Andre Mjanger	Kjenndalstoppen 1	5225	NESTTUN

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------------	--------------	------	-----------